

Fleire filosofiske møte

Meiningsfulle samtalar og gode dialogar er stikkord på filosofisk kafé.

Øystein Akselberg

oysteina@boblada.no - tlf 906 38 453

Human-Etisk forbund Midt-Telemark har sist haust arrangert ein serie med møte som dei kallar Filosofisk kafé på Den Gode Nabo i Bø. Det blei halde fire kaféar i samarbeid med Notodden lokallag HUM.

Nå er den lokale arrangøren aktuell med ein ny serie på tre filosofiske møte. Første arrangement er onsdag i neste veke.

Filosofen leiar

Med ein filosof som leiar gjenomfører deltakarane ein samtale med eit vald fokus. Deltakarane kjem med sine innlegg og synspunkt, og filosofen styrer, medierer eller provoserer samtalen, alt ettersom. I tillegg er det vanleg at filosofen løftar interessante poeng opp til eit allment nivå og slik viser det filosofiske i det som blir sagt.

I haust var følgjande fire filosofar på besøk: Morten Fastvold med tema «Etikk og miljø - angår det meg?», Sidsel Høye Haugan med tema «Begrep og virkelighet», Øyvind Olsholt med tema «Humanetikk» og til slutt Annfrid Berget Haukeland med tema «Rom for dialog?».

Tre nye møte

I løpet av vinteren og våren er det så langt planlagt tre nye kaféar med filosofiske praktiskarar: 11. februar blir det både årsmøte og filosofisk kafé med filosof Elin Kiraly. Det blir også musikalsk innslag med Torgeir Hefre og Billy V. Lätt.

Dei to neste arrangementa er planlagt 18. mars og 22. april. På ein av desse kjem filosof og heddøl Annfrid Berget Haukeland tilbake som filosofisk praktiskar. Ho leia også kaféen i desember, som hadde tema om kva som kjenneteiknar ein god dialog.

– Begrep som ærlegheit, openheit, nærvær, felles interesse, respekt og likeverd var nokre av ingrediensane som blei trekt fram, seier Berget Haukeland, som er klar for eit nytt møte i løpet av våren.



Samtale og dialog. Arrangør Ailin Aastvedt (t.h.) i Filosofisk kafé får seinare i vinter på nytt besøk av filosof og heddøl Annfrid Berget Haukeland.

Foto: Privat

På arrangementet i desember blei deltakarane oppfordra til å dele erfaringar frå dialogar som hadde betydning for dei. Her

ble det tydeleg at eit lite øyeblikk i eit barns liv kan brenne seg fast som eit godt minne resten av livet. Ein god dialog

kan betre ein arbeidssituasjon, løyse eit arrangementsproblem eller gje ny innsikt i ein vanskeleg livssituasjon.

FANTASTISKE TILBUD!

Kom innom, vi har garantert noe som passer for deg.

Vi feirer torsdag 5. og fredag 6. februar

Hele torsdag og fredag frem til kl. 15

- Gratis vafler
- Valgfri pølse kr. 30,-
- Medium hamburger kr. 30,-
- Poleringsvask 2 for 1

Takk til:

STATOIL
35 06 00 60, 3800 Bø

Foto: Øystein Akselberg